KONKURRANSEGRUNNLAG

Del 3 - Administrative føresegner og seriøsitetskrav

Nytt helse- og omsorgssenter

Innhald

1 Generelle administrative føresegner ... 3
1.1 Språk ... 3
1.2 Dokumenthandtering ... 3
1.3 BIM og digitale modellar ... 3
1.4 Styringssystem ... 3
2 Kontraktsmedhjelparar og leverandørkjede ... 4
2.1 Generelt ... 4
2.2 Tal på ledd i kontraktskjeda ... 4
2.3 Skatteattestar ... 4
2.4 Enkeltpersonføretak og innleige ... 4
2.5 StartBANK ... 5
2.6 Utskifting av kontraktsmedhjelparar ... 5
2.7 Oppdragsgivaren sin rett til å overta kontraktar ... 5
3 Seriøsitetskrav og arbeidslivskriminalitet ... 6
3.1 Generelt ... 6
3.2 HMS-kort ... 6
3.3 Lønns- og arbeidsvilkår ... 6
3.4 Lærlingar ... 7
4 Krav til fagarbeidarar ... 8
4.1 Fagarbeidarar ... 8
4.2 Dokumentasjon ... 9
4.3 Manglande oppfylling ... 9
5 SHA, HMS og tryggleik på byggjeplassen ... 9
5.1 Generelt ... 9
5.2 SHA-plan, kommunikasjon og oppfølging ... 9
5.3 Kontroll ... 9
6 Informasjon og offentlegheit ... 10

1 Generelle administrative føresegner

1.1 Språk

All kommunikasjon, dokumentasjon, rapportering og møtereferat knytt til prosjektet skal vere på norsk eller eit anna skandinavisk språk.

Samspelsentreprenøren skal sørgje for at personell som deltek i prosjektet, har tilstrekkelege språkferdigheiter til å vareta ei trygg, effektiv og forsvarleg gjennomføring av arbeidet. Dersom prosjektet nyttar personell som ikkje meistrar norsk eller eit anna skandinavisk språk, skal samspelsentreprenøren sørgje for naudsynt omsetjing og formidling av informasjon.

1.2 Dokumenthandtering

Prosjektet skal nytte felles rutinar og digitale verktøy for dokumenthandtering, samhandling og distribusjon av prosjektinformasjon.

Endeleg val av system, arbeidsprosessar og dokumentstruktur vert fastsett ved oppstart av fase 1.

1.3 BIM og digitale modellar

BIM skal nyttast som eit sentralt verktøy for prosjektering, koordinering, visualisering og prosjektutvikling.

Nærare krav til modellstruktur, informasjonsnivå, filformat og leveransar vert fastsett ved oppstart av fase 1.

1.4 Styringssystem

Samspelsentreprenøren skal nytte dokumenterte system for kvalitetsstyring og miljøstyring som er eigna for arten, omfanget og kompleksiteten til prosjektet.

Systema skal minst svare til krava i NS-EN ISO 9001 og NS-EN ISO 14001 eller tilsvarande standardar.

Samspelsentreprenøren skal på førespurnad dokumentere korleis systema vert nytta i prosjektet, og korleis dei støttar oppfyllinga av krava i kontrakten til kvalitet, miljø, dokumentasjon og kontinuerleg forbetring.

2 Kontraktsmedhjelparar og leverandørkjede

2.1 Generelt

Leverandøren er ansvarleg for alle kontraktsmedhjelparar som vert nytta ved oppfylling av kontrakten, medrekna rådgjevarar, underentreprenørar, leverandørar, innleigde ressursar og andre medverkande.

Leverandøren svarar for ytingane, handlingane, unnlatingane og oppfyllinga av kontraktsforpliktingane til kontraktsmedhjelparane på same måte som for eigne tilhøve.

Leverandøren skal sikre at kontraktar med kontraktsmedhjelparar inneheld føresegner som er naudsynte for å oppfylle krava i kontrakten med oppdragsgivaren.

Oppdragsgivaren kan krevje dokumentasjon på kva kontraktsmedhjelparar som vert nytta i prosjektet, og kva oppgåver desse utfører.

2.2 Tal på ledd i kontraktskjeda

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn to ledd med underleverandørar i kjede under seg.

Oppdragsgivaren kan godta fleire ledd dersom det på grunn av uføresette omstende er naudsynt for å få gjennomført kontrakten. Godkjenning av fleire ledd skal skje skriftleg.

2.3 Skatteattestar

Ved inngåing av kontraktar med norske underleverandørar som overstig ein verdi på kr 500 000 ekskl. mva., skal leverandøren hente inn dokumentasjon som viser at underleverandøren oppfyller skatte- og avgiftspliktene sine.

Dokumentasjonen skal ikkje vere eldre enn seks månader.

Oppdragsgivaren kan når som helst krevje at slik dokumentasjon vert lagd fram. Dersom dokumentasjon ikkje vert lagd fram, eller viser vesentlege manglar ved etterlevinga av skatte- og avgiftsmessige tilhøve, kan oppdragsgivaren krevje at underleverandøren vert skifta ut dersom tilhøvet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist.

Eventuelle kostnader eller krav som følgje av utskifting av underleverandør vert borne av leverandøren.

2.4 Enkeltpersonføretak og innleige

Leverandøren skal på førespurnad gjere greie for bruk av enkeltpersonføretak i samband med oppdraget.

Bruk av enkeltpersonføretak som utfører arbeid på byggje- og anleggsplassen, krev skriftleg samtykke frå oppdragsgivaren.

Bruk av bemanningsføretak skal vere i samsvar med gjeldande lov- og avtaleverk. Leverandøren skal varsle oppdragsgivaren før innleige vert teken i bruk.

2.5 StartBANK

Leverandøren skal ved kontraktsinngåing vere registrert i StartBANK eller eit tilsvarande leverandørregister som inneheld oppdatert og kontrollert leverandørinformasjon.

Registreringa skal haldast ved lag gjennom heile kontraktsperioden.

Oppdragsgivaren kan når som helst krevje dokumentasjon på at registreringa er gyldig og oppdatert.

Dersom registreringa sluttar å gjelde eller ikkje vert halden ved lag, kan oppdragsgivaren krevje at tilhøvet vert retta innan ein rimeleg frist. Manglande retting vert rekna som mishald av kontrakten.

2.6 Utskifting av kontraktsmedhjelparar

Kontraktsmedhjelparar og nøkkelpersonell som det har vore lagt vekt på ved evalueringa av tilbodet, eller som seinare er godkjende som erstatning for slike, kan ikkje skiftast ut utan skriftleg samtykke frå oppdragsgivaren.

Oppdragsgivaren kan berre nekte samtykke dersom det ligg føre sakleg grunn.

Ved førespurnad om utskifting skal leverandøren dokumentere årsaka til utskiftinga og gjere greie for kompetansen, erfaringa og kapasiteten til den føreslegne erstatningsressursen.

Erstatningsressursen skal ha minst tilsvarande kvalifikasjonar som den ressursen som vert erstatta.

For nøkkelpersonell som inngjekk i evalueringa ved tildeling av kontrakten, kan oppdragsgivaren krevje dokumentasjon på at erstatningsressursen har tilsvarande eignaheit for samspel og samarbeid. Dette kan dokumenterast ved bruk av same evalueringsmetodikk som vart nytta i anskaffinga.

Leverandøren ber sjølv alle kostnader knytt til utskifting, medrekna kostnader til overlapping, kunnskapsoverføring, opplæring og andre tiltak som er naudsynte for å sikre kontinuitet i prosjektet.

2.7 Oppdragsgivaren sin rett til å overta kontraktar

Ved vesentleg mishald, betalingsstans, insolvens, konkurs eller ein annan situasjon som medfører vesentleg risiko for gjennomføringa av kontrakten, har oppdragsgivaren rett til å tre inn i leverandøren sine kontraktar med underentreprenørar og andre kontraktsmedhjelparar i den utstrekninga dette er naudsynt for å sikre gjennomføringa av prosjektet.

Leverandøren skal sjå til at kontraktar med underentreprenørar og andre kontraktsmedhjelparar inneheld føresegner som gir oppdragsgivaren rett til slik kontraktsovertaking.

På førespurnad frå oppdragsgivaren skal leverandøren dokumentere at naudsynte føresegner er tekne inn i dei aktuelle kontraktane.

Kontraktsovertaking etter denne føresegna fritek ikkje leverandøren for ansvar eller plikter som følgjer av kontrakten.

3 Seriøsitetskrav og arbeidslivskriminalitet

3.1 Generelt

Leverandøren skal gjennom heile kontraktsperioden arbeide aktivt for å motverke arbeidslivskriminalitet, sosial dumping og andre tilhøve som kan svekke seriøsiteten i prosjektgjennomføringa.

Krava i dette kapittelet gjeld tilsvarande for underentreprenørar, bemanningsføretak og andre kontraktsmedhjelparar.

3.2 HMS-kort

Alle arbeidstakarar som utfører arbeid på byggje- og anleggsplassen, skal bere gyldig HMS-kort utferda av Arbeidstilsynet.

Arbeidstakarar som ikkje kan vise fram gyldig HMS-kort, kan visast bort frå byggjeplassen.

3.3 Lønns- og arbeidsvilkår

Det vert stilt krav til lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med anskaffingslova § 5.

<u>På område som er dekte av allmenngjord tariffavtale</u>

Leverandøren og underleverandørane til leverandøren pliktar å gi dei tilsette lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn dei lønns- og arbeidsvilkåra som følgjer av den allmenngjorde tariffavtalen.

Med lønns- og arbeidsvilkår meiner ein i denne samanhengen føresegner om minste arbeidstid, lønn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren og underleverandørane til leverandøren skal på førespurnad opplyse kva landsomfattande tariffavtale som vert lagd til grunn overfor dei tilsette, og leggje fram eit eksemplar av tariffavtalen ved kontroll.

<u>På område som ikkje er dekte av allmenngjord tariffavtale</u>

Leverandøren og underleverandørane til leverandøren pliktar å gi dei tilsette lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn dei lønns- og arbeidsvilkåra som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

Med lønns- og arbeidsvilkår meiner ein i denne samanhengen føresegner om minste arbeidstid, lønn, medrekna overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, og dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike føresegner følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren og underleverandørane til leverandøren skal på førespurnad opplyse kva landsomfattande tariffavtale som vert lagd til grunn overfor dei tilsette, og leggje fram eit eksemplar av tariffavtalen ved kontroll.

Kontroll og dokumentasjon

Oppdragsgivaren kan krevje at leverandøren dokumenterer kva lønns- og arbeidsvilkår dei tilsette har.

Oppdragsgivaren har rett til innsyn i relevante dokument og rett til å gjennomføre andre undersøkingar som gjer det mogleg å gjennomføre naudsynt kontroll med at krava til lønns- og arbeidsvilkår vert haldne.

Leverandøren pliktar å ha tilsvarande kontraktsføresegner i kontraktane sine med underleverandørar og skal gjennomføre naudsynt kontroll hos eigne underleverandørar for å sjå til at plikta vert halden.

Sanksjonar

Dersom krava til lønns- og arbeidsvilkår ikkje vert etterlevde, har oppdragsgivaren rett til å halde tilbake delar av kontraktssummen inntil det er dokumentert at tilhøvet er brakt i orden. Beløpet som vert halde tilbake, skal svare til om lag to gonger innsparinga til arbeidsgivaren, men aldri mindre enn 1 000 kroner per dag. Dersom dagmulkta har gått i 100 dagar eller meir, vil den manglande rettinga kunne reknast som eit vesentleg mishald som kan gi grunnlag for heving av hovudkontrakten.

Dersom brotet har skjedd hos ein underleverandør, kan oppdragsgivaren i tillegg til dagmulkt krevje at leverandøren skiftar ut underleverandøren for leverandøren si rekning og risiko.

3.4 Lærlingar

Det er eit krav at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet på område der det er relevant å nytte arbeidskraft med fag- eller sveinebrev, jf. anskaffingslova § 5. Kravet gjeld fag som er omfatta av utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk, elektro og datateknologi, og andre relevante lærefag som naturleg inngår i prosjektet.

Kravet skal oppfyllast av ei godkjend lærebedrift, og det kan oppfyllast av entreprenøren eller ein eller fleire av underentreprenørane.

Arbeidstimane utførte av ein eller fleire lærlingar, jf. opplæringslova, skal utgjere minst 10 % av arbeidde timar i utførande fag på prosjektet fram til overtaking.

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle kravet ved å nytte lærlingar knytt til offentleg godkjend lærlingordning i Noreg eller tilsvarande ordning i heimlandet. Dersom heimlandet ikkje har ei lærlingordning, kan kravet oppfyllast ved bruk av praksiselevar frå ei offentleg opplæringsordning.

Entreprenøren skal ved oppstart, og på førespurnad under gjennomføringa av kontraktarbeidet, sannsynleggjere at kravet vil bli oppfylt.

Med mindre noko anna er avtalt, skal entreprenøren før oppstart på byggjeplassen levere ein bemanningsplan som viser korleis lærlingar er planlagde nytta i prosjektet, medrekna namn og kontaktinformasjon til aktuelle lærlingar. Oppdragsgivaren skal varslast om vesentlege avvik frå planen.

Ved kontraktsavslutning skal entreprenøren leggje fram ei oversikt over talet på lærlingtimar i prosjektet. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.

Dersom arbeida viser seg ikkje å vere eigna for bruk av lærlingar ut frå arten av arbeidet eller omsynet til helse, miljø og tryggleik, kan oppdragsgivaren tillate at prosentkravet vert fråvike.

Sanksjonar

Oppdragsgivaren kan halde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom dei ovanfor nemnde pliktene vert mishaldne, eller det er grunn til å tru at slikt mishald vil skje, og tilhøvet ikkje vert retta innan ein rimeleg frist gitt i skriftleg varsel frå oppdragsgivaren.

Dersom kravet til lærlingtimar ikkje er oppfylt ved overtaking, kan oppdragsgivaren ileggje ei bot på 5 promille av kontraktssummen.

Bota skal reduserast samhøvesvis dersom arbeidstimar utførte av lærlingar utgjer 4 % eller meir av arbeidstimane i prosjektet.

Bota skal betalast i tillegg til eventuell dagmulkt for forseinking og andre mishaldsverknader etter kontrakten.

4 Krav til fagarbeidarar

4.1 Fagarbeidarar

Ved utføringa av kontraktarbeidet skal minst 40 % av arbeidde timar innanfor bygg- og anleggsfaga utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller anna dokumentert relevant fagutdanning.

Kravet kan òg oppfyllast ved bruk av personar som er under systematisk opplæring og oppmelde etter gjeldande ordningar for fagopplæring.

Leverandøren skal på førespurnad dokumentere at kravet er oppfylt.

4.2 Dokumentasjon

Leverandøren skal ved kontraktsoppstart gjere greie for korleis kravet til fagarbeidarar vil verte oppfylt.

Oppdragsgivaren kan i kontraktsperioden krevje oversikt over bemanning, fagkompetanse og annan relevant dokumentasjon.

Ved avslutninga av kontrakten kan oppdragsgivaren krevje dokumentasjon som viser faktisk oppfylling av kravet.

4.3 Manglande oppfylling

Dersom leverandøren ikkje oppfyller kravet i dette kapittelet, kan oppdragsgivaren krevje tilhøvet retta innan ein rimeleg frist.

Ved vesentleg eller vedvarande mishald kan oppdragsgivaren halde tilbake betaling eller gjere andre mishaldsverknader gjeldande etter kontrakten.

5 SHA, HMS og tryggleik på byggjeplassen

5.1 Generelt

Leverandøren skal gjennom heile prosjektet vareta krav til tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA) og oppfylle dei pliktene som følgjer av gjeldande lover, forskrifter og offentlege krav.

Leverandøren skal planleggje og gjennomføre arbeida på ein måte som førebyggjer ulukker, helseskadar og uønskte hendingar.

5.2 SHA-plan, kommunikasjon og oppfølging

Leverandøren skal etterleve SHA-planen til byggherren og etablere naudsynte rutinar for oppfølging av krav til tryggleik, helse og arbeidsmiljø.

Leverandøren skal ha eit internkontrollsystem som tilfredsstiller gjeldande regelverk, og som er tilpassa omfanget og kompleksiteten til prosjektet.

Leverandøren skal sørgje for at alle som deltek i prosjektet, kan kommunisere på ein måte som varetek krav til tryggleik, kvalitet og samhandling. Informasjon som har betydning for tryggleik, helse og arbeidsmiljø, skal vere tilgjengeleg og forståeleg for dei personane informasjonen gjeld.

Leverandøren skal ha system for rapportering, registrering og oppfølging av avvik og uønskte hendingar. Alvorlege hendingar og tilhøve som kan få betydning for tryggleik, framdrift eller kvalitet, skal varslast til oppdragsgivaren utan ugrunna opphald.

5.3 Kontroll

Oppdragsgivaren har rett til å gjennomføre kontrollar og verifikasjonar av arbeidet til leverandøren med tryggleik, helse og arbeidsmiljø.

Leverandøren skal medverke til slik oppfølging og utan ugrunna opphald rette tilhøve som ikkje er i samsvar med krava i prosjektet.

6 Informasjon og offentlegheit

Leverandøren skal handtere informasjon om prosjektet i samsvar med gjeldande reglar om informasjonstryggleik, teieplikt og offentlegheit.

Leverandøren skal ikkje nytte prosjektet i marknadsføring eller offentleg kommunikasjon utover vanleg referansebruk utan samtykke frå oppdragsgivaren.